

Marint verneområde i Dalsfjorden – oppstartmelding: Eit ledd i det nasjonale arbeidet med marint vern

Oppstartsmeldinga markerer starten på ein prosess som skal resultere i eit konkret verneframlegg, med framlegg til verneforskrift med vernereglar, avgrensing, og verneverdiar. Arbeidet blir gjennomført etter oppdragsbrev av 18.04.2017 frå Klima- og miljødepartementet til Miljødirektoratet om å gjennomføre verneplanprosess for nokre utvalde marine område, og oppdragsbrev av 20.04.2017 frå Miljødirektoratet til Fylkesmannen.

Arbeidet med marint vern er forankra gjennom fleire stortingsmeldingar og handsaming i Stortinget. Varsel om verneplanarbeid for marine miljø kom først gjennom stortingsmelding nr 68 (1980-81) «Vern av norsk natur», og i «Utredning DN nr. 1995» var Dalsfjorden med på ei liste over eigna marine verneområde. Arbeidet med marint vern er også forankra i stortingsmelding 14 «Natur for livet» (2015-2016).

Området inngår i kategori 4 – Fjordar, og ligg i Vestnorsk subprovins.

Areal, geografisk plassering og avgrensing

Planområdet er ca. 11,3 km² og ligg i Gaular, Fjaler og Askvoll kommunar i Sogn og Fjordane fylke. Kandidatområdet er vesentleg redusert i høve til det første framlegget om Dalsfjorden som marint verneområde, da grensa var lagt lenger ut i fjorden og arealet var kring 30km². Samstundes er området noko større enn eit framlegg «Rådgivende utvalg for marin verneplan» kom med i ei førebels tilråding til Direktoratet for Naturforvaltning i 2003, om å trekkje grensa ved Grimeneset. Dette er etter vårt syn ikkje ei god avgrensing, fordi det føreslåtte verneområdet i så fall vil slutte midt i eit av bassenga i fjorden i staden for ved ein terskel eller anna naturleg avgrensing. Ein sentral del av verneføremålet er dessutan dei spesielle naturtilhøva med stor ferskvasspåverknad, og det er då naturleg å leggje grensa ved terskelen i området ved Nishammaren slik at dei markerte ferskvasstilførslane frå Laukelandsfossen (Storelvi) og Fossedalselvi kjem med. Kandidatområdet strekkjer seg inst i fjorden og omfattar Osen naturreservat.

Det planlagde verneframlegget er vist på vedlagde kart. Det marine verneområdet vil omfatte dei to eksisterande naturreservata Holmelidholmen sjøfuglreservat og Osen våtmarksreservat. Mot land elles vil avgrensinga vert lagt slik at privat grunn ikkje vert berørt, dvs. frå marbakken eller to meter djupne.

Verneverdiar og –føremål

Dalsfjorden er ein relativt smal fjord omgjeven av bratte skogkledde ryggar. Fjorden har eit djupaste parti på drygt 400 m i ytre del utanfor grensa for verneframlegget.

Fjordbassenget innanfor terskelen ved Nishammar har ei største djupne på 172 m, og både det verna vassdraget Storelva med Laukelandsfossen og Fossedalselva renn ut i fjorden her. Lenger inn fjorden er det ein terskel ved Halsnes, og bassenget innanfor har ei største djupne på 97 m. Det tronge Svesundet ved Bygstad fører inn til den inste pollen ved Osen, som har ei djupn på 30 m (allereie verna som naturreservat). Her renn Gaula ut, slik at området er sterkt påverka av ferskvatn i overflatelaget. Botnen i den indre pollen består av fin sand medan det utanfor Svesundet er sølebotn. Svesundet har ein rik, fastsitjande hardbotnfauna. I Dalsfjorden er det funne store mengder med grunne førekomstar av begerkorall på 5-15 m djupn.

Kandidatområdet er lite påverka av utbygging og ureining, og det er etter det vi veit ikkje knytt store økonomiske interesser til utnytting av området i dag. Fjorden er liten, og med fleire spesielle biologiske førekomstar (korallar, sjeldne brakkvassplantar, rike straumområde).

Føremålet med vernet er å ta vare på ein særeigen, avskjerma fjord forma av innlandsisen si utgraving for om lag 2,5 millionar år sidan, med spesielle straumtilhøve og ein uvanleg kombinasjon av både stor ferskvasstiltførsel og artsrike hardbotnsamfunn, og eit (allereie verna) nasjonalt verdifullt estuarområde med sjeldsynte pusleplanteartar.

Geologiske, fysiske og biologiske forhold

Den smale fjorden er på begge sidene avgrensa av bratte, skogkledd ryggar med ein del flatare strandområde der busetnaden er lokalisert. Ryggene er ikkje spesielt høge, frå 2-300 meter nærast fjorden og opp til 7-800 meter nokre km unna. Området høyrer til grunnfjellet og er prega av granittisk gneis, men grenser i nord mot eit felt med devonsk konglomerat. Klimaet er kystprega, med mykje nedbør (mellom 2000 og 3000 mm i året), lokalt fleire enn 240 nedbørsdagar årleg, og milde vintrar.

Det er nokre få holmar og skjer i fjorden. Holmelidholmen, som er verna som naturreservat, og Vikaholmen er dei største holmane innanfor kandidatområdet.

Kapstadvika ved busetnaden like utanfor Svesundet (Bygstad) har vore overbelasta med organisk materiale. Eidevika innanfor sundet (heilt inst i Dalsfjorden) blei på same tid (1990) funne å vere "ein normal og upåverka lokalitet".

Kulturminne

Det er registrert 8 gravrøyser og 2 bautasteinar frå jernalderen kring Dalsfjorden. Ingolv Arnarson, første landnåmsmann på Island, kom frå Dalsfjorden, og området har hatt jarlesete og vore eit regionalt sentrum i vikingtid. Området ved Osen inngår i eit av dei prioriterte marinarkeologiske områda, PRIMAT 3730.

Brukarinteresser

Akvakultur:

Det ligg ingen akvakulturlokalitetar i kandidatområdet.

Låsetjingsplassar for fisk og kasteplassar for sild/brisling/makrell:

Det er registrert ein låsetjingsplass i kandidatområdet.. Når det blir fiska makrell i fjorden, er fiskarane avhengige av å kunne setje fisk i steng.

Tema : LÅSETJINGS- PLASSAR	Fiske- slag	Reiskap	Tids- rom	Kor viktige er låsetjingsplassane
Sagevika	Makrell	Not	Som- mar - haust	Når det blir fiska makrell, må fiskarane ha låsetjings-plassar fordi fartøya ikkje har tank. Makrellen må setjast i lås til brønnbåt kan hente fisken.

Skjelanegg:

Det er registrert to blåskjelanlegg (høvesvis ved Gjelet og ved Kvamen) ytst i kandidatområdet. Så langt Fylkesmannen kjenner til er dei ikkje i aktiv drift.

Fiskeområde:

Det er ikkje kvart år det er makrell i fjorden. For meir enn 30 år sidan var Dalsfjorden ein rik silde- og brislingfjord. I seinare tid har desse artane vore borte frå fjorden. Etter dei opplysningane Fiskeridirektoratet har fått, er ikkje fiskeriaktiviteten i Dalsfjorden særleg stor, og det blir stort sett fiska frå Flekkefjorden og vestover (altså utanfor verneframlegget). For dei få som bruker området, er fisket likevel ein viktig del av inntektsgrunnlaget.

Rekefelt:

Det er registrert rekefelt i store delar av Dalsfjorden. Ein liten del av feltet går inn i kandidatområdet i vest. I følgje rekefiskarar i Sogn og Fjordane har rekefeltet i Dalsfjorden lite å seie for inntektsgrunnlaget.

Friluftsliv

Utanom eit lokalt viktig friluftsområde i Osen i Gaular kommune ligg det ikkje spesielt viktige friluftsområde innanfor verneframlegget.

Andre brukarinteresser

Det er ikkje kjent planlagd næringsaktivitet som skil seg frå aktiviteten i dag.

Skipstrafikk

I følgje Kystverket sitt kart av 14.12.2004 over farleier på Vestlandet, går bilei nr 2322 inn Dalsfjorden, og gjennom heile det føreslegne verneområdet.

Eksisterande vern og i kandidatområdet

Følgjande verneområde grensar til kandidatområdet:

- Osen naturreservat (våtmark, kgl.res. 19.12.1997, 0,527 km², 0,510 km² sjø), som er oppretta for å ta vare på deltaområdet som naturtype og livsmiljø for fugl og planteliv, spesielt undervassengene med den sjeldsynte plantearten stilkvasshår).
- Holmelidholmen naturreservat (sjøfugl, kgl.res. 28.5.1993, 0,022 km², 0,019 km² sjø) er oppretta for å ta vare på ein viktig hekkelokalitet for sjøfugl.

Gaularvassdraget som munnar ut i inst i Dalsfjorden (i Osen naturreservat), og Laukelandsfossen/Storelva som renn ut lenger ute i fjorden, er baa verna mot kraftutbygging.

Plansituasjonen

Kommuneplanen for Gaular er frå 2001, og viser ikkje planlagd arealbruk i sjøen.

Kommuneplanen for Fjaler er frå 2009, og femnar om sjøareala. Kartet viser ingen påtenkte tiltak i det moglege marine verneområdet.

Heile Dalsfjorden ut til Holmedal har status som nasjonal laksefjord. Det er planar om å byggje bru over Svesundet. Fylkesmannen peikte i innspel til kommunedelplan i 1995 på dei store marinbiologiske verdiane i området, og kravde at brua vert ”*planlagd utan pilarar i sjøen og med brufesta trekte godt inn på land*”. Prosjektet er i dag ikkje blant dei høgt prioriterte i Sogn og Fjordane, og gjennomføringa er uviss.

Ureining

Det er ingen store ureiningsproblem i Dalsfjorden. Det er noko avrenning frå spreidd avløp og kommunalt avløp medrekna avrenning frå flyplassen på Bringeland innanfor kandidatområdet.

Referanseområde

Stasjonar i Dalsfjorden er undersøkte med tanke på sukkertarestatus – med til dels nedslåande resultat. Dei inste og dårlegaste stasjonane ligg inne i kandidatområdet. Dalsfjorden inngår i eit av referanseområda i forslag til stasjonsnett for basisovervakinga av kysten, og sukkertarestasjonane i kandidatområdet er vidareført som referansestasjonar for makroalgar

(<http://www.vannportalen.no/globalassets/nasjonalt/dokumenter/publikasjoner/arkiv/2013/marint-stasjonsnett-for-basisovervaking-2013.pdf>).

Naturmangfaldlova

Naturmangfaldlova inneheld heimel for å kunne verne natur etter fleire kategoriar. Marine verneområde etter § 39 er ein eigen vernekategori for vern som berre omfattar sjøområde. Marine verneområde kan opprettast for å ta vare på marine verneverdiar, også naturverdiar som landlevande artar er avhengige av. Eit breitt spekter av verneformål er nemnt i § 39. Verneformålet kan omfatte verdiar knytte til sjøbotn, vass-søyla, overflata eller ein kombinasjon av desse.

I eit verneområde i sjø må ingen føreta seg noko som forringar verneverdiane som går fram av verneformålet. Eit verneområde i sjø kan vernast mot all verksemd, ureining, tiltak og bruk, men med dei avgrensingane som følgjer av folkeretten. Restriksjonar på aktivitet skal stå i forhold til verneformålet.

I marine verneområde er det særleg viktig å unngå inngrep som påverkar sjøbotnen, vassutskifting og straumforhold i nemneverdig grad, sidan desse er avgjerande for kva for artar og naturtypar vi finn i området.

Moglege verknader av eit verneframlegg

Vernet vil primært rette seg mot botnen og eigenskapane til vassmassane, på ein slik måte at ein tek vare på naturmangfaldet, med den naturlege funksjonen og dynamikken til fjordsystemet. Vern vil sannsynlegvis ha små negative konsekvensar for ulike brukarinteresser. I følgje rekefiskarar i Sogn og Fjordane har rekefelta i Dalsfjorden ikkje noko å seie for inntektsgrunnlaget, og etter dei opplysningane vi har fått, er ikkje fiskeriaktiviteten i Dalsfjorden særleg stor. Eksisterande blåskjelanlegg kan halde fram i same omfang som i dag. Det er ikkje utenkjeleg at vernestatus kan verke positivt på turisme i området, og det er fleire lokale aktørar som marknadsfører opplevingsturar (kajak, fiske o.a.) i Dalsfjorden og områda vestafor. Vernestatusen vil venteleg føre til noko strengare praksis og oppfølging når det gjeld ureining, dumping av massar i strandkanten, eller andre

tiltak i strandkanten eller i nedbørsfeltet. Om dette til ein viss grad kan opplevast som hindringar for næring og næringsutvikling, kan det omvendt gje positive ringverknader for aktivitetar og næringar som baserer seg på kvalitetar knytte til natur og oppleving.

Det er ikkje tenkt lagt restriksjonar på fiske i vass-søyla, dvs. med reiskap som ikkje slit på botnen. Pr. i dag har næringsfiske lite omfang i kandidatområdet, og det er heller ikkje grunn til å tru at fritidsfiske utgjer noko trugsmål mot lokale fiskebestandar eller mot livskrafta eller balansen i økosystemet i fjorden. Dersom derimot framtidig overvaking skulle syne at fisket utgjer trugsmål mot einskildpopulasjonar eller mot funksjonen til økosystemet i verneområdet, bør det iverksetjast dei reguleringstiltaka som måtte vere naudsynte.

Restriksjonsnivå i høve til ulike aktivitetar skal utgreiast nærare i den vidare prosessen. Eit vernevedtak vil føre til restriksjonar på tekniske inngrep i heile området som vert verna. Det gjeld tiltak som utfylling, byggeaktivitet, mudring, deponering av masse, undervasssprenging, kabellegging, utnytting av mineralske ressursar og installasjonar for energiutnytting. Mindre tiltak i form av utfylling, bygging og kabellegging bør derimot kunne vurderast. Eventuelle utslepp av kjølevatn, eller anna som påverkar dei fysiske eigenskapane og dynamikken til vassmassane, vil neppe kunne tillatast. Det er viktig i den vidare prosessen å få drøfta kva inngrep som kan verte aktuelle i framtida, og kva som i tilfelle bør kunne tillatast. Det vert ikkje lagt opp til restriksjonar på drift og vedlikehald av eksisterande anlegg og innretningar.

Tekniske inngrep som t.d. plassering av nye kaianlegg eller småbåthamner må skje med varsemd, og større tiltak bør som nemnt unngåast. Dersom rørleidningar og kablar må leggjast gjennom området, bør det skje i utvalde korridorar og med skånsame metodar slik at påverknaden vert minst mogleg.

Som dei andre kandidatområda for marint vern i Sogn og Fjordane er også Dalsfjorden dårleg undersøkt marinbiologisk. Dette tilseier at føre-var-prinsippet må nyttast inntil eventuelt nærare undersøkingar syner at planlagde tiltak ikkje vil gjere skade om dei vert lagde til nærare spesifiserte stader, etc.

Det er ei viss marknadsføring av friluftsliv knytt til det verna Gaularvassdraget, og i Osen naturreservat er eit lokalt viktig friluftsområde (bading). Det går ein nasjonal turistveg over Gaularfjellet. Status som marint verneområde vil kunne styrkje både vassdraget og den tilhøyrande fjorden som turistmål.

Vi kjenner ikkje til framtidige planar som eit verneområde i Dalsfjorden vil vere til skade for.

Konsekvensane av verneframlegget skal kome klarare fram gjennom den ordinære planprosessen, som m.a. vil femne om møte med partane som vernet vedkjem, og offentleg høyring.

Forvaltning

Forvaltingsplan

Det vil bli utarbeidd forvaltningsplan for verneområdet. Denne vil omtale tiltak for å fremje føremålet med vernet, og konkretisere korleis verneforskrifta og eventuelt andre juridiske verkemiddel skal praktiserast. Viktige tema vil venteleg vere betre kartlegging av fjordbotnen, for å få oversikt over utbreiinga av dei mest interessante hardbotnsamfunna, og andre artssamfunn og botnmiljø som fortener spesielle omsyn. Det vil særleg vere trong for grundigare undersøkingar – og diskusjonar – knytte til dei delane av området som støyter opp mot hamner og busetnad m.m., der det er viktig å ha klare køyrereglar som sikrar verneføremålet utan å skape unødige konflikhtar.

Forvaltingsstyresmakt

Miljødirektoratet fastset kven som skal vere forvaltingsstyresmakt etter naturmangfaldlova.

Det vil bli lagt opp til ulike prosessar for å involvere dei styresmaktene, organisasjonane og næringsutøvarane som vernet vedkjem i forvaltinga av områda.